



Stølsheimen  
verneområdestyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Park Hotel Vossevangen  
**Dato:** 11.11.2024  
**Tidspunkt:** 11:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Orienteringssaker:

- Orientering frå SNO - Arbeid i 2024 og planlegging av 2025
- Nordhordaland UNESCO biosfæreområde



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 30/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 31/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 32/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 19/24	Søknad - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1		2024/13237
RS 20/24	Tilbakemelding - Stølsheimen landskapsvernområde - Vatnane - nytt stølshus - Vik kommune - 64/12		2024/7528
RS 21/24	Til uttale - Høyring - Stølsheimen landskapsvernområde - Vik - Kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036		2024/14802
ST 33/24	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - opptrekksrampe ved naust		2024/13557
ST 34/24	Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan 2025		2024/16049
ST 35/24	Saksframlegg - Stølsheimen verneområdestyre - drift 25		2024/16270

**ST 30/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 31/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**  
**ST 32/24 Orienteringar og referatsaker**  
**RS 19/24 Søknad - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1**  
**RS 20/24 Tilbakemelding - Stølsheimen landskapsvernområde - Vatnane - nytt stølshus - Vik kommune - 64/12**  
**RS 21/24 Til uttale - Høyring - Stølsheimen landskapsvernområde - Vik - Kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036**



Arkivsaksnr: 2024/13557-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 04.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	33/24	11.11.2024

## Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - opptreksrampe ved naust

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev avlag på søknaden om rampe ved naustet i Mørkves-Grøndalen.

Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Vedtaket er samtidig å rekna som eit pålegg om retting av tiltaket, jf. naturmangfaldlova § 69. Tiltaket skal rettast innan 1. august 2025.

Rettinga inneber fylgjande:

- Fjerning av trerampa framfor naustet
- Området framfor naustet skal ryddast for materiale, og terrenget skal tilbakeførast til slik det var før tiltaket vart gjennomført.
- Det kan leggjast ned to trestokkar mellom naustet og vatnet som båten kan dragast opp av vatnet på.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om opptreksrampe framfor naust i Mørkves-Grøndalen, 30.10.2024
- Utsett frist for retting av tiltak, *Stølsheimen verneområdestyre*, 17.10.2024
- Uttale til førehandsvarsel, Linda og Asbjørn Holstad, 04.10.2024
- Førehandsvarsel – Stølsheimen landskapsvernområde – Mørkves-Grøndalen – Tiltak ved naust – 277/1, *Stølsheimen verneområdestyre*, 19.09.2024
- Rapport frå SNO, 16.08.2024

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017




- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, rettleiar M106-2014, Miljødirektoratet
- Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder, rettleiar M-2692-2024, Miljødirektoratet

Stølsheimen verneområdestyre gav i 2016 stølsrettshavarane i Mørkves-Grøndalen løyve til å sette opp naust ved Grøndalsvatnet. I 2024 fekk styret rapport frå SNO om at det i tillegg til naustet var bygd ei trerampe frå naustet og ned til vatnet, som det ikkje var gitt løyve til.

Vedtak i Stølsheimen verneområdestyre - saksprotokoll 5/16, 14.03.2016:

*Stølsheimen verneområdestyre gjev grunneigarane på stølen i Mørkves-Grøndalen løyve til å setja opp naust ved Grøndalsvatnet. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 2, og gjeld med fylgjande vilkår:*

- *Naustet skal setjast opp ved Grøndalsvatnet nedanfor stølshusa. Det skal plasserast der det er grave ut opplagsplass for båt tidlegare.*
- *Naustet skal byggast inn i bakken for at bygget skal vera best mogleg tilpassa terrenget.*
- *Ytre mål på naustet kan vera inntil 2,1 x 5,1 m<sup>2</sup> og inntil 2 meter høgt. Taket er flatt med torvtak.*
- *Byggemateriale skal vera av tre og stein. Dørene i naustet skal grånast naturleg eller målast med ein farge som passar med naturen rundt.*
- *Eventuelle endringar av bygget ut frå godkjente planteikningar skal godkjennast av verneområdestyret før arbeidet kan utførast.*
- *Bygningsrestar og avfall skal fjernast straks byggearbeidet er avslutta. Bølgjeblekkplatene og dekk som var nytta til den gamle lagringsplassen for båten skal fraktast ut av området eller lagrast i ein av bygningane.*
- *Når arbeidet er slutført, skal det sendast rapport med bilde av naustet til sekretariatet for godkjenning.*



Figur 1 Skisse av bygget, og bygget sett frå vatnet




**Figur 2 Bilde innsendt som rapport 29.11.2016. Foto Linda V. Holstad**

Tiltaket med rampa er utført utan løyve etter verneforskrifta. Verneområdestyret sende førehandsvarsel om retting av tiltaket 19.09.2024. I førehandsvarselet vart det varsla om pålegg om retting som innebar følgjande:

- Fjerning av trerampa framfor naustet
- Området framfor naustet skal ryddast for materiale, og terrenget skal tilbakeførast til slik det var før tiltaket vart gjennomført.
- Det kan leggjast ned to trestokkar mellom naustet og vatnet som båten kan dragast opp av vatnet på.

Det vart sett frist til å koma med utale til varselet innan 01.10.2024, og frist for retting av tiltaket vart sett til 01.11.2024. Tiltakshavar har gitt svar på uttalen, og sendt søknad om å få behalda rampa framfor naustet. Fristen for retting vart oppheva i påvente av handsaming av søknaden.





Figur 3 Naustet i Mørkves-Grøndalen er markert med raud pil i kartet. Kjelde: fylkesatlas



Figur 4. Bilete av rampa ved naustet. Foto SNO.

## Søknaden

Stølseigarane søker om å få behalde rampa som er om lag 2,5m lang og 2m brei nærast naustet og om lag 1,6m lang og 1m brei ved vasskanten. I søknaden skriv stølseigarane at rampa vart oppført samstundes med naustet og at dei har tatt det for gitt at rampa var ein naturleg del av den opphavlege søknaden.

I søknaden kjem dei med følgjande grunngjeving for tiltaket:

*Grunna det trange utløpet til vatnet går vasskanten inn i naustet når det er mykje tilsig, (sjå siste bilete, teken 26.10.24) mens det i tørkeperiodar er særst langgrunt. Rampen gjer det mogleg å få båten inn og ut utan å vasse langt ut i vatnet. Samstundes skjermar det båten for skade og ein slepp å løfte båten opp til naustet. Utan rampen ville det vore umogleg for ein person å handtere båten åleine. Høgdeskilnaden mellom normal vasstand og dørstokken på naustet er ca. 70-80cm. Det vil vera eit høgt løft for to personar . Slik vi ser det gjer rampen særst lite av seg og er knapt synleg for turgåarar på den T-merka stien, sjå første bilete teken 26.10.24. Her kan ein sjå, av restar av mose og gras, kor langt vatnet har stått opp på rampen i denne regnversperioden. Vi kan sjølvst beisa treverket på rampen, men slik det er no går det nesten i ett med området ikring. Med tiden vil treverket sjølvst mørkna endå meir.*



Figur 5. To bilete av naust og rampe frå søknaden.



## Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområdet pkt. III.

Det er forbod mot inngrep som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter jf. verneforskrifta punkt IV nr.1. Dette gjeld mellom anna «...oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m., planering og lagring av masse, ....attlegging av avfall...». Ramper ved naust er ikkje nemnt i dei spesielle dispensasjonsreglane, og må difor vurderast etter naturmangfaldslova § 48: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Naturmangfaldlova kapittel IX regulerer handheving og sanksjonar ved tiltak som er i strid med verneforskrifta. Forvaltningsstyresmakta kan ved brot på verneforskrifta krevje at den ansvarlege rettar eller stansar tilhøve som er i strid med verneforskrifta, sjå naturmangfaldlova § 69 første avsnitt.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde er kulturminne og kulturlandskap ein del av verneføremålet. Verneforskrifta har ikkje reglar som opnar for bygging av ramper framfor naust. Det må vurderast om det er heimel i naturmangfaldslova § 48 til å vurdere denne saka. Etter § 48 i naturmangfaldlova må det vurderast om tiltaket strider mot formålet med vernet eller kan påverke verneverdiane nemneverdig. Stølsheimen landskapsvernområde er verna for å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap med eit mangfaldig dyreliv. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter og påverke verneverdiane negativt. Dette tiltaket er eit mindre tiltak som kan reknast som eit bagatellmessig tiltak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, kap 7.2. Forvaltar vurderer at det er heimel for å vurdere søknaden etter naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Kunnskapen om natur- og kulturlandskapet i Mørkves-Grøndalen er henta frå verneplanarbeidet, forvaltningsplanen for Stølsheimen, og rapporten spor etter stølsdrift i Stølsheimen. Det er ikkje kjente førekomstar av trua naturtypar i området, men stølen er innanfor Fjellheimen villreinområde. Mørkves-Grøndalen er registrert som kalvingsområde og som barmarksbeite for villrein (Naturbase 30.10.2024). Byggetiltaket ved naustet vil lite truleg føra til endra bruk av området slik at det kan få negativ verknad på villreinen. Det er ikkje registrert andre sårbare artar i dette området som vil verta påverka av tiltaket.



Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje vektlagt i saka. Vestland fylkeskommune har ikkje kome med uttale i saka då bygget ikkje er eit kulturminne.

Rampe til naust er ikkje nemnt i forvaltningsplanen, men det er omtalt andre tiltak knytt til bygningar i stølsområda. Det står det fylgjande om tiltak i eit stølsområde:

*«Ved at stølshusa vert meir nytta i fritidssamanheng enn tidlegare, er det ynskje om meir tilrettelegging på utsida av bygningane med terrassar, plattingar og inngjerding. Det er ikkje opna for slike tiltak i verneforskrifta, og sakene må vurderast etter nml. § 48. På stølane i Stølsheimen er det ikkje tradisjon for platting, terrasse eller inngjerding, og som hovudregel vil det ikkje verta gjeve løyve til slike tiltak.»*

Forvaltar meiner det vil vere riktig å samanlikne rampa utanfor naustet med ein platting utanfor eit stølshus, og at same hovudregel derfor bør gjelde i denne saka.

I Stølsheimen er stølsområda ein viktig del av kulturlandskapet, og bygningane er ein viktig del av kulturmiljøet på ein støl. I verneforskrifta punkt VI, nr 2, står det at det kan gjevast løyve til oppføring av m.a. naust, men at det skal vere tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden. Det er ikkje vanleg med trerampe framfor naust i stølsområda. Ved andre naust i Stølsheimen er det lagt trestokkar frå naustet og ut i vatnet til å dra båten på. Dette er eit enkelt og tradisjonelt tiltak, og ein løysing som passar betre inn i landskapet, jf. nml § 12. Rampa som her er bygd passar ikkje inn i det tradisjonelle bygningsmiljøet på stølar i Stølsheimen. I forvaltningsplanen står det at naust bør vere nøkterne og enkle, og tilpassast terrenget. Det er her gjort ein god jobb med å tilpasse naustet slik at det er relativt lite synleg i terrenget. Rampa er derimot eit tiltak for å dra opp båt som ikkje er godt tilpassa terrenget.

Det er naturleg at brukarane av naustet vil legge til rette for at det skal vere enkelt å ta inn og ut båt av naustet. Friluftsliv og fiske er også ein del av føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde, og det er viktig at eit stølsområde blir brukt, for at det skal bli tatt vare på. Forvaltar vurderer likevel at rampa ikkje er eit nødvendig tiltak for å bruke båt og naust. Det bør vere mogleg å legge til rette for å dra opp båten med mindre inngripande tiltak.

Dette eine tiltaket ved naustet er i seg sjølv ikkje eit stort inngrep, og vil ikkje påverka landskapet sin art og karakter vesentleg. Utfordringa med å gje løyve til tiltaket, er at det vil gje stor presedens for andre naust i Stølsheimen landskapsvernområde. Det vil også kunne gje presedens for liknande tiltak som til dømes plattingar ved stølshus. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak vil få på økosystemet og naturverdiane jf. nml. § 10. Som del av dette er det viktig å vurdere presedens for framtidige saker. Det er fleire naust i Stølsheimen, og det er stor sjanse for at det vil koma fleire søknader om utvidingar med andre byggetiltak utanfor nausta. Opnar ein opp for denne type tiltak vil det også kunne gje presedens for likande tiltak utanfor stølshusa. Den samla belastninga ved mange små og store tiltak i stølslandskapet vil påverka landskapet vesentleg, og med det vera i strid med verneforskrifta. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at det ikkje kan gjevast løyve til tiltaket med heimel i naturmangfaldslova § 48, og rår til at det vert gitt avslag på søknaden.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då det er innstilt på avslag på søknaden.



## Konklusjon

Etter ei samla vurdering av naturmangfaldlova §§8-12, meiner forvaltar tiltaket vil ha verknad på landskapets art og karakter, og er med det i strid med verneføremålet for Stølsheimen landskapsvernområde. Rampa er ikkje tilpassa det tradisjonelle bygningsmiljøet på stølar i Stølsheimen, og vil kunne gje presedens for liknande saker. Forvaltar innstiller på avslag i saka med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2024/16049-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 01.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	34/24	11.11.2024

## Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan 2025

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre vedtek tiltaksplan og innspel til SNO om ressursar for 2025. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justera budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen januar 2025.

<b>Tiltaksplan for Stølsheimen 2025.</b>	
<b>Kort omtale av tiltak</b>	<b>Budsjett 25</b>
<b>Framande artar</b>	
Fossesete - fjerne smågran i nærområde	20 000
Fjerne klasespirea i Vetlestraumen	5 000
<b>Sum framande artar</b>	<b>25 000</b>
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>	
*Administrasjon, prosjektleiar	33 200
Sylvarnesdalen - slått og Hansinaselbøen	17 400
Rosete	8 700
Negardstølen - rydde oppslag av krattskog + tistel	8 700
Granden	45 000
Ytsteflåten	45 000
Brydalen	21 750
Dunevollen, fjerna kratt	10 875
Vøvringen, fjerna kratt	10 875
Åsedalen, rydde sølvbunke	4 150
Hallsetstølen, rydde sølvbunke	4 150
Beiting med dyr - nofence. Åsedalen og Hallsetstølen?	100 000
<b>Sum skjøtsel kulturlandskap</b>	<b>309 800</b>



<b>Skjøtsel av stølsvegar og stiar</b>	
Restaurering av gamal sti i Sylvarnesdalen	13 760
Vedlikehald av stien mellom Finnabotnen og Fagerdalen	6 960
<b>Sum skjøtsel stølsvegar og stiar</b>	<b>20 720</b>
<b>Informasjonstiltak</b>	
Vik kommune: Parkeringsplass Tenne. Delfinansiering	50 000
Innfallsport frå Romarheim kryss	100 000
Innfallsport Stordalen fjellstove	100 000
Planlegging startpunkt Vikafjellet	80 000
<b>Sum informasjonstiltak</b>	<b>230 000</b>
<b>SUM</b>	<b>685 520</b>

<b>Innspel til SNO om oppdrag 2025, i prioritert rekkefølge</b>
Kontroll dispensasjonssaker
Kontroll motorferdsel vinter – Vikafjellet
Kontroll, byte av verneskilt
Delta på møte med verneområdestyre og RU
Registrere endringar på bygg i Sendedalen og Grøndalen
Tilsyn skjøtselsarbeid i kulturlandskapet, delta i skjøtsel

## Saksopplysningar

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyret - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2024. *Miljødirektoratet* 13.11.2023
- Strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025, *Miljødirektoratet*
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017
- Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2020
- Stølsheimen landskapsvernområde – Evaluering av skjøtselsarbeidet 2011-2021. Framlegg til skjøtselstiltak 2022-2032, *Stølsheimen verneområdestyre*

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og betra. I strategien for 2020-2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Dei største negative påverknadsfaktorane på verneområde på nasjonalt nivå er attgroing, framande artar, forstyrringar av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon. Tiltaksmidlar som er med å motverka negative påverknadsfaktorar vert prioritert.

Tiltaksmidlane kan nyttast til naudsynte tiltak for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og





tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stiar, klopping og merking for å betre tilgjenge til verneområda og samstundes styre ferdsle i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlar kan også brukast til delfinansiering av større tilretteleggingstiltak som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplassar i tilknytning til verneområde.

Alle innmeldte tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings- eller besøksstrategi eller andre relevante styringsdokument. Alle informasjonstiltak skal vere i samsvar med ny merkevare for Noregs nasjonalparker.

Midlane skal nyttast til tiltak i forvaltningsmynde sin eigen regi, evt. til kjøp av tenester for gjennomføring av tiltaka. Midlane kan ikkje nyttast som tilskot til andre aktørar. Tiltaksmidlar blir vanlegvis ikkje prioritert til ivaretaking av kulturminne. Vedlikehald av bygningar blir ikkje støtta, men steingjerde, gravrøyser og fangstsystem kan vurderast samfinansiert med kulturminnemyndigheita.

Miljødirektoratet har sett opp fylgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

- 1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene*
- 2. Løpende skjøtselstiltak*
- 3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
- 4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
- 5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
- 6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*

Forvaltar legg her fram forslag til tiltaksplan for 2025 på bakgrunn av forvaltningsplan, skjøtelsplanar, besøksstrategi og kommunikasjonsplan. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialogmøte med rådgjevande utval og administrativt kontaktutval, og evalueringsmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2024. Styret må prioritera tiltaka i tråd med føringane frå Miljødirektoratet

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I planleggingsmøte med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Frist for innmelding av tiltak og innspel om SNO-ressursar til Miljødirektoratet er januar 2025.

## Vurdering

### Skjøtselstiltak for å ivareta verneverdiane

Trusselfaktorar for verneverdiane i Stølsheimen landskapsvernområde er i hovudsak attgroing av kulturlandskapet, og spreieing av framande artar. For å redusera negative påverknadsfaktorar som attgroing og spreieing av framande artar, bør det prioriterast skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak. Pågåande skjøtelsprosjekt har prioritet 1, og nye tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel har prioritet 2. Det er sett i gang



restaurering og skjøtsel av fleire stølar i Stølsheimen, og av kulturlandskapet i Finnabotnen. Dette arbeidet bør prioriterast vidare.

Erfaringar frå restaurering av stølsbøar med rydding av kratt, og fjerning av sølvbuketuer har gitt godt resultat. Det hadde vore ein stor fordel om det hadde kome beitedyr på desse stølsbøane året etter restaureringsarbeid. Det er generelt for lite beitedyr i Stølsheimen, og det har difor vore naudsynt med etterrydding etter 5 år. For å få betre beitetrykk på stølsbøane, har me føreslått nytt tiltak i år med beiting med beitedyr med NoFenc. Dette er elektronisk halsband på dyra i staden for inngjerding av eit område. Beiteprosjektet må gjennomførast i eit område med god mobildekning, og det må vera gardbrukarar som har beitedyr, samtidig som stølsrettshavarane må gje samtykke til prosjektet. Prosjektet kom opp som eit framlegg på møte i rådgevande utval i haust, og bør gjennomførast i samarbeid med stølsrettshavarane og kommunen.

### **Framande artar**

I 2023 og 2024 er det utført hogst av to mindre granfelt under Fossesete. Dette tiltaket må fylgjast opp med fjerning av grantre som står att som enkelttre i området, og fjerning av eventuelle nye smågraner.

Under NiN-kartlegging i Finnafjorden vart det registrert framande artar i Finnen. Fjerning av desse artane starta opp i 2024, og arbeidet må halda fram i 2025.

### **Informasjonstiltak**

Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde vart godkjent i 2020. Kommunikasjonsplanen, som er eit vedlegg til besøksstrategien, vart oppdatert i 2024. I 2024 vart det satt opp skilt i Mo i Modalen, i Finnabotnen, Bjergane og Gryteberg i Vik. Det skal også bli satt opp skilt på Brekke i Høyanger i 2024.

Oppsett av skilt ved Romarheim kryss og Stordalen fjellstove er under planlegging og ein satsar på å få det opp i 2025.

I 2025 vil det vera trong for midlar til oppstart startpunkt på Vikafjellet. Her vil fyrste prioritet vera å starte prosessen med val av startpunkt som tek omsyn til villreinen i området. Dette arbeidet må gjennomførast i samarbeid med kommunane Vik og Voss. Om plassering vert bestemt kan ein begynne å utvikle innhaldet.

### **Kartlegging og overvaking**

Siste åra er det registrert ein auka aktivitet med snøskuter i grenseområda til Stølsheimen. Det bør gjennomførast meir kontroll med motorisert ferdsel i sentrale deler av Stølsheimen der det er lett tilkomst med snøskuter på vinteren.

Det må gjennomførast kontroll av dispensasjonar som er gjeve av verneområdestyret til bygg og andre anlegg i verneområdet.

Det vert bestilt SNO-ressursar til kontroll av dispensasjonar som er gjeldande, og eventuelle nye dispensasjonar i 2025.

Det har vore registrere nokre tilfeldige endringar på bygg i Sendedalen og Grøndalen i 2024,



derfor har det for 2025 blitt lagt inn eit innspel til SNO om ein meir heilheitleg registrering i dette området.



Arkivsaksnr: 2024/16270-0

Sakshandsamar: Maria A. Underdal

Dato: 04.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	35/24	11.11.2024

## Saksframlegg - Stølsheimen verneområdestyre - drift 25

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2025 for å handsame saker i verneområdestyre, og fylgje opp tiltak i forvaltningsplan og besøksstrategi.

Styret tek sikte på fylgjande årshjul:

Februar:	Styremøte med revidering av tiltaksplan for 2025
April:	Styremøte Teams
Juni:	Styremøte med synfaring til Ortnevik
September:	Styremøte med dialogmøte og synfaring med rådgjevande utval
November:	Styremøte med planlegging av året som kjem

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlyst eller utsettast. Styret kan avgjera om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Styret vedtek driftsbudsjett for 2025. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen januar 2025. Satsar for møtegodtgjersle vert oppdatert i januar i tråd med statens personalhåndbok.

Driftsutgifter for styret 2025	
Møtegodtgjersle	115 134
Reiseutgifter	16 000
Møteutgift inkl. dialogmøte med RU og ekstra synfaring	14 600
Drift av nettside - besøksforvaltning	6 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>151 734</b>

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:



- Rammer og opplegg for Statsforvaltaren og verneområdestyrer – innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av SNO-ressurser – 2023, *Miljødirektoratet* 02.11.2022

I følge vedtektene, bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). I 2024 møtte styret 7 gonger:

- 27. februar: Styremøte med fordeling av tiltaksmidlar på Voss: 4 styresaker
- 04. april: Styremøte i Sogndal etter styresamling: 2 styresaker
- 29. april: Ekstra styremøte på Teams: 1 styresak
- 21. mai: Styremøte på Teams: 1 styresak
- 20. august: Styremøte Myrkdalen: 1 styresak
- 09. oktober: Styremøte og dialogmøte i Myrkdalen: 1 styresak
- 11. november: Styremøte/planleggingsmøte for 2025 på Voss: 4 styresaker

I brev frå Miljødirektoratet datert den 02.11.2022 vert det informert om at verneområdestyre kan melde inn behov for midlar til drift av verneområdestyre. Det vert vidare sagt at dersom det er midlar innanfor rammene, kan det gjevast midlar til naudsynt kartlegging som grunnlag for utarbeiding av skjøtselsplanarar, forvaltningsplanar og besøksstrategiar. Frist for søknad om midlar til dette føremålet er januar 2025.

## Vurdering

Forvaltar foreslår å legge opp til 5 styremøte i 2025, fordelt utover året ettersom når det pleier å vere mange/viktige saker å handsame. Det er viktig å prøve å halde tal møte nede, så ein unngår for mange møte med ein styresak. To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i februar og i november. I februar er det prioritering av tiltak, og i november er det planlegging av tiltak for neste år. For at styret skal få best mogleg kunnskap om verneområdet dei har forvaltningsansvar for, bør nokon av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I Stølsheimen har ein valt å ha dialogmøtet i samband med ei slik synfaring. I 2025 er det også planlagt ei ekstra synfaring i tillegg til den med rådgjevande utval, her er det føreslått å ta synfaring med utgangspunkt i Ortnevik.

Miljødirektoratet løyvde kr 165 000 til drift av Stølsheimen verneområdestyre for 2024, og kr 75 000 til grunnstøtte drift. Bruk av grunnstøtte drift vert ein del av budsjettet for tiltaksplanen da dette skal nyttast til drift av besøksforvaltning. Midlar til skjøtselsplanen i Finnafjorden var avslått i 2024. Budsjettet for 2025 er om lag det same som 2024. Det vert ikkje styresamling i 2025, men det vert ekstra synfaring.